



Vik kommune



## Kjerneområde landbruk i Vik kommune



### Fagrapport

Vik kommune  
Avdeling for plan og forvaltning  
26.02.2022

## Innhold

Bakgrunn .....	1
Føremål .....	2
Metode og kriteria for val av område .....	3
Status Kjerneområde landbruk i Vik 2022 .....	4
Retningslinjer .....	5
Oversiktskart kjerneområde landbruk - matproduksjon .....	6
Arnafjord .....	6
Vik .....	7
Vangsnes .....	8
Feios .....	9
Fresvik .....	10
Områdeskildringar Kjerneområde landbruk - kulturlandskap .....	11
Engi .....	11
Gunnarsete .....	12
Grønsberg .....	13
Hallsetstølen .....	14
Hanekam .....	15
Le .....	16
Nyastøl .....	17
Sendedal .....	18
Sylvarnes .....	19
Sylvarnesdalen .....	20
Valsvikstølen .....	21
Vatnane .....	22
Vollekrene .....	23
Øvre Flatbygdi .....	24
Årek .....	25
Årekstølen .....	26
Kjelder .....	27

## Bakgrunn

Jordvern handlar om å sikre dagens befolkning samt våre etterkomrarar moglegheit til å dyrke sin eigen mat på eiga jord<sup>1</sup>. Med stor etterspurnad etter leigejord i Vik kommune er det å ta vare på jordbruksjorda også viktig for å støtte opp om landbruket som næring. Vidare bidreg jordbruket til å pleie og ta vare på kulturlandskapet, som med sine kulturminne og naturmangfald har stor nasjonal verdi.

Mellan 1994 og 2003 blei det i Norge årleg i gjennomsnitt omdisponert over 11400 dekar (daa) dyrka jordbruksareal til andre føremål. Landbruks- og matdepartementet meinte at dersom denne utviklinga held fram, ville dette svekke grunnlaget for buseting og næringsutvikling med tanke på jord- og landskapsressursane. I tillegg blir verdifulle kulturlandskap redusert i verdi ved bygging og gjengroing.

I Stortingsmeldinga nr. 21 (2004-2005) blei det difor fastsett eit mål om halvering av den årlege omdisponering av dei mest verdifulle jordressursane. I praksis tydde dette at den årlege omdisponering måtte ned til under 6000 daa. Målet blei nådd i 2013. Det var også eit mål å dokumentere spesielt verdifulle kulturlandskap og gje dei ein særskild forvaltning innan 2010. Det skulle sikrast ei berekraftig ressursforvaltning ved å ta vare på kulturlandskapet og halde det ved like.

For å nå desse måla blei kommunane oppmoda om å peike ut og kartfeste såkalla *Kjerneområde landbruk*. *Kjerneområde landbruk* er eit samleomgrep for to type område: *Kjerneområde matproduksjon* er gode, større og samanhengande jordbruksareal. *Kjerneområde kulturlandskap* er spesielt verdifulle kulturlandskap.

Vik kommune laga fyrste fagrappporten *Kjerneområde landbruk i Vik kommune* i 2013. Rapporten blei teke til orientering i formannskapet 13.6.2013 og i kommunestyret 20.6.2013. Begge organ kom med innspel som blei vurderte før ferdigstilling av fagrappporten.

I 2015 vedtok Stortinget i samband med den nasjonale jordvernstrategien nye jordvernsmål. Den årlege omdisponering av dyrka jordbruksareal skulle ned til under 4000 daa. Målet skulle nåast gradvis innan 2020. I 2017 var den årlege omdisponeringa på litt over 4000 daa. Då jordvernstrategien blei revidert i 2019 (Prop. 1 S 2018-2019, proposisjon til Stortinget) blei målet om under 4000 daa innan 2020 stadfesta på ny. Det same gjorde den reviderte jordvernstrategien i Prop. 200 S (2020-2021).



FN sine berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Berekraftsmålet nr. 2 «Utrydde sult» handlar m. a. om å oppnå mattryggleik og å fremje berekraftig landbruk.

Delmål 2.4) lyder slik: *Innen 2030 sikre at det finnes bærekraftige systemer for matproduksjon, og innføre robuste metoder som gir økt produktivitet og produksjon, som bidrar til å opprettholde økosystemene, som styrker evnen til tilpasning til klimaendringer, ekstremvær, tørke, oversvømmelse og andre katastrofer, og som gradvis bedrer arealenes og jordas kvalitet.*

<sup>1</sup> <https://www.regjeringen.no/>

Berekraftsmål nr. 13 «stoppe klimaendringane» Handle umiddelbart for å bekjempe klimaendringene og konsekvensene av dem

Den reviderte jordvernstrategien i Prop. 200 S (2020–2021) peikar på jordvern som ein grunnleggjande føresetnad for berekraftig utvikling og norsk samfunns- og mattriyggleik:

- Bevaring av jordbruksareal er naudsynt for å unngå utvida areal for jordbruksformål på bekostning av skog, naturområde og våtmark
- Bevaring av jordbruksareal er også naudsynt for å redusere klimagassutslepp. Ved nedbygging av dyrka og dyrkbar jord opphører binding og lagring av karbon. På mindre produktive areal vil produksjon krevje større areal. Det vil føre til auka bruk av energi, gjødsel og andre innsatsfaktorer og gje høgare utslepp totalt og per produsert eining
- Vern av areal og produksjonskapasitet bidreg til å handtere regional avlingssvikt og svikt i import og nasjonalt transport
- Jordvern bidreg til verdiskaping og naudsynt føreseielegheit for utvikling av jordbruksføretaka og industrien, samt til å oppretthalde jordbruksmiljø og sikre busetjing
- Bevaring av kulturjorda er bevaring av jordsmonnet sin biodiversitet og breie spekter av funksjonar og økosystemteneste. Ved å hindre fragmentering, bidreg jordvern også til å ta vare på landskap, kulturlandskapet sin biodiversitet og kulturverdiar

Dersom jordvernmalet skal oppfyllast dei neste åra, på same tid som utsleppa frå nedbygging av areal ikkje skal auke, må nedbygginga av dyrka jord i stor grad erstattast med bygging på allereide bebygd areal eller open fastmark.

Det er framføre denne bakgrunnen Vik kommune har revidert fagrapporten *Kjerneområde landbruk i Vik kommune*. Rapporten tek omsyn til omdisponeringane som er gjort sidan 2013, og tek i bruk GIS (geografiske informasjonssystem) i prosessen fram til utval av det mest verdfulle jordbruksarealet. Revisjon av rapporten starta allereie i 2018, men arbeidet måtte stoggast fleire gongar fordi andre arbeidsoppgåver måtte prioriterast. I 2019 blei kartet over kjerneområde for matproduksjon revidert, samt at ny metode blei utvikla. I 2021 blei det jobba mest med kjerneområde kulturlandskap. Arbeidet blei ferdigstilt i januar 2022. Rapporten skal vere del av kunnskapsgrunnlaget når arealdelen til kommuneplanen blir revidert i 2022.

## Føremål

*Kjerneområde landbruk* er areaala i kommunen som er viktige for to av landbruket sine sentrale samfunnsoppgåver: Matproduksjon og det å oppretthalde jordbruks sitt kulturlandskap.

*Kjerneområde landbruk, matproduksjon* skal vere retningsgjevande for arealdisponeringa i kommunen dei nærmaste åra. Omdisponering av godt jordbruksland i kjerneområde skal vere ein tyngre prosess enn omdisponering av anna areal.

*Kjerneområde landbruk, kulturlandskap* skal først og fremst gi signal om å vise omsyn ved tiltak som kan ha negativ verknad for kulturlandskapet.

Status *Kjerneområde landbruk, kulturlandskap* har positiv verknad ved handsaming av søknader om tilskot for tiltak innanfor kjerneområda.

## Metode og kriteria for val av område

### Kjerneområde matproduksjon

Det blei ved hjelp av GIS<sup>2</sup> (programvare *Gisline*) produsert eit kartgrunnlag som viser alt fulldyrka areal i Vik kommune med helling under 1:5 (= under 20 %). Dei naudsynte kartdata fekk kommunen frå NIBIO som produserer arealressurskartet (AR5).


Arealressurskartet blir oppdatert fortløpende, slik at 2019-kartet er ulik 2013-kartet, som låg til grunn for fyrste versjonen av fagrapporten, men då utan bruk av GIS. Bruk av GIS gjer det mogleg å rekne ut totalarealet for kjerneområde matproduksjon. Ein vil då også i framtida kunne samanlikne totalarealet med det frå siste revisjon og ev. synleggjere ei utvikling.

Med dette som utgangspunkt blei det på ny peika ut kjerneområde for matproduksjon i heile kommunen. Her er det også teke omsyn til skjønsmessige vurderingar t.d. i avgrensing av arealet med tanke på effektiv drift. Areala kan i tillegg til dyrka jord også inkludere andre, mindre areal, t.d. vegar, vatn og bebygd areal. Det kan også inkludere mindre areal med helling over 20 %. Også dei klimatiske forholda, jordforhold, tilkomst til areaala og regulering /utbyggingsplaner kan vere omsynsmoment. Det er no tilgjengeleg eit digitalt kart over kjerneområda som også skal implementerast som kartlag i Kommunekart/Sognekart. Kartlaget kan som såkalla WMS (Web map Service) også visast i andre kartportalar, t.d. *Fylkesatlas*<sup>3</sup>.

Arealstorleiken skulle vere

- minst 10 daa for areal opp til 100 moh. Dette er areal som i utgangspunkt er særskilt godt eigna til frukt- og bærproduksjon

- For areal som ligg høgare enn 100 moh. skulle storleiken vere minst 30 daa. Slike areal er i utgangspunkt særskilt godt eigna til grovförproduksjon



Døme på eit kjerneområde landbruk – matproduksjon i Feios, med ulike kartbakgrunn

<sup>2</sup> Geografisk informasjonssystem (GIS) er programvare for innsamling, organisering, lagring, analyse og presentasjon av geografisk stadsfesta informasjon

<sup>3</sup> <https://www.fylkesatlas.no/>

## Kjerneområde kulturlandskap

I 2013 blei det peika ut eit representativt utval av område som avdeling for plan og forvatning meinte har heilskaplege kulturlandskap som er prega av landbruksdrift og er spesielle, sjeldne eller representative med tanke på t. d. landskapsoppleving, tilgjenge, biologisk mangfald, kulturminne/kulturmiljø, spor etter historisk interessante driftsformer og større heilskaplege miljø. Utvalde område blei synfarte.

I 2021 blei det føreteke ei vurdering om områda valde ut i 2013 framleis kvalifiserer til kjerneområde landbruk, eller om det har vore endringar som gjer at ein bør ta dei ut av utvalet. Ikkje noko område blei teke ut, men «Sylvarnes og Sylvarnesdalen», som før var eit område, blei av karttekniske omsyn delt i to. Dessutan blei Hanekam teke med som kjerneområde kulturlandskap.

I 2013 blei karta for kjerneområde landbruk, kulturlandskap framstilte idé det blei teikna meir eller mindre vilkårlege polygonar rundt stølane, gardane, m.m. I 2021 blei områda teikna på ny, som digitalt kartlag i Gisline. Desse prinsippa låg til grunn:

- Der det var registrert landbruksareal på arealressurskartet (AR5) i form av dyrka mark, overflatedyrka mark, innmarksbeite eller tunareal, blei yttergrensane av desse arealsamlingane brukte som grunnlag for områdegrensene
- Der det ikkje var registrert dyrka mark, overflatedyrka mark, innmarksbeite eller tunareal, t.d. på nokre av stølane, blei det digitalisert ein polygon rundt det som på det aktuelle flybilete kunne identifiserast som stølsvoll.

- I eitt tilfellet, området Øvre Flatbygdi, blei det sett på som føremålsteneleg at områdegrensene fylgjer planområdegrensene for reguleringsplanen «Hove-Moahaugane - Hopperstad»

## Status Kjerneområde landbruk i Vik 2022

Per januar 2022 utgjer *kjerneområde landbruk - matproduksjon* i Vik kommune 5750 daa, delt på 32 ulike flater.

I kategorien *kjerneområde landbruk - kulturlandskap* er det 16 område som har denne statusen. Inmarka til garden Hanekam blei teke med som nytt område.

Kartet er tilgjengeleg på kommunekart.



Ytre Le i 2014

## Retningslinjer

### Retningsliner for arealdisponering kjerneområde matproduksjon

Desse er jf. § 9 i jordlova.

- Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon
- Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida
- Omdisponering kan kun skje i særlege høve, dersom ein etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika.

Særlege høve kan vere:

- mindre, samanhengande areal som har därleg arrondering
- omdisponering som er naudsynt for drift av landbrukseigedomen
- kårhus ved eigedomsoverdraging
- tunge/viktige samfunnsinteresser
- I område med høve til spreidd bustad- og hyttebygging skal frådeling og bygging ikkje skje på kjerneområde for matproduksjon
- Ved vurdering av omdisponering skal omsynet til driftsmiljøet for landbruket vege tungt, same kva arealkategori ein omdisponerer
- Det er viktig å ikkje infiltrere kjerneområda med føremål som set eller kan setje avgrensing på aktiv landsbruksdrift


### Retningsliner for tiltak og arealdisponering kjerneområde kulturlandskap

- Omdisponering av jordbruksareal i kjerneområde for kulturlandskap skal skje på ein slik måte at verdien av kulturlandskapet ikkje vert vesentleg redusert
- Bygningstiltak innafor kjerneområdet skal vere tilpassa byggjestilen som gjev karakter til området
- Andre tiltak i området skal vere godt tilpassa terrenget og ikkje redusere verdien av landskapet vesentleg
- Skogsmark og anna utmark innafor avgrensinga av kjerneområdet har ikkje spesiell status framfor liknande område utanfor kjerneområdet
- Ved vurdering av omdisponering skal det leggjast vekt på omsynet til kulturlandskapsmiljøet i området, same kva arealkategori ein omdisponerer til


Det kan vere fleire retningslinjer i andre planar, t.d. forvaltningsplan for landbskapsvernområde.

## Oversiktskart kjerneområde landbruk - matproduksjon

### Arnafjord




# Vik




## Vangsnes



## Feios



## Fresvik



## Områdeskildringar Kjerneområde landbruk - kulturlandskap

### Engi


Engi har vore vår- og hauststøl for mange bruk i Fresvik og var i aktiv bruk fram til 1970-åra. Stølen ligg om lag 5 km frå bygda på vestsida av Storeelvi eit trong dalføre inn mot Fresvikbreen på kring 300 moh., der dalen delar seg i Storeldalen og Tundalen. Etter utskiftinga i 1910 blei Engi delt i Heimrestølen og Fremrestølen. I 1912 var det til saman 22 stølshusa på Engi. Etter den aktive stølsbruken tok slutt har området kring stølen vore mest nytt til beite.



Engi i 2015

### Grunnlag for prioritering:

Engi er ein svært tradisjonsrik støl og den største stølsgrenda i Fresvik. Fleire av stølshusa er oppførte i tradisjonell byggjestil. Fleire av husa er registrert i SEFRÅK-registeret. Engi er eit tradisjonelt kulturlandskap med stor eigenverdi og godt eigna til rekreasjon og friluftsliv. Vegen til Engi er ein innfallsport til verdsarvområdet Nærøyfjorden. På Engi har det i dei siste åra vore fleire større prosjekt der gamal kulturmark blei rydda til beitebruk.



Kartkjelde: Gisline (det kan vere mindre avvik i frå målestokken). Alle kjerneområde kulturlandskap er også tilgjengeleg på kartlaget *kjerneområde landbruk* på Kommunekart/Sognekart.

## Gunnarsete


Gunnarsete var brukt som vår- og hauststøl og ligg på ca. 460 moh rett vest for Vik sentrum. Bygningane på stølen omfattar både sel, fjøs og løer. Åtte av bygningane er registrerte i SEFRAK-registeret. Det går ein sti opp til stølen frå byggefeltet Hopperstadmarki. Via landbruksvegane Bødalslivegen og Gunnarsetevegen kan ein køyre nesten heilt fram til stølen. Grunneigarane gjennomførte eit stort utsiktsryddingsprosjekt som blei avslutta i 2019 og som opna opp mykje av kulturlandskapet på stølen.

### Grunnlag for prioritering:

Bygningane og selbøen på Gunnarsete er ikkje i god tilstand, men bygningane er autentiske og stølshistoria er godt kjent. Området har eit stort potensial med tanke på at stien opp til Gunnarsete i dag er ein av dei mest brukte turstiane i kommunen. Landbruksvegane gjer det relativt lettvind å gjennomføre restaureringstiltak på stølen. Grunneigarane har gjennomført tiltak for å ta vare på kulturlandskapet.



To av bygningane på stølen i 2019



Kartkjelde: Gisline (det kan vere mindre avvik i frå målestokken). Alle kulturminneområde kulturlandskap er også tilgjengeleg på kartlaget *kulturminneområde landbruk* på Kommunekart/Sognekart.

## Grønsberg


Grønsberg er ein høgdegard i Seljadalen i Vik med to bruk. Garden ligg brattlendt på om lag 450 moh og er lite eigna for maskinell drift. Det er ikkje busetjing på garden i dag, men innmarka blir beita vår og haust. Det er mange bygningar på Grønsberg, 12 av dei er samla i eit klyngjetun med fleire spesialiserte hus. Det går i dag bilveg opp til Grønsberg.

### Grunnlag for prioritering:

Grønsberg er nemnd i historiske kjelder første gong i 1603 og høyrer til dei best bevarte klyngjetun i Noreg. Det har ikkje vore jordskifte på Grønsberg slik at den gamle teigblandinga er nærmast intakt. 14 hus er registrerte i SEFRAK-registeret. Grønsberg har ein stor kulturhistorisk verdi og eit potensial som gardsmuseum og for reiselivet. I Kulturminneåret 1997 blei Grønsberg valt som Vik kommune sitt kulturminne. Grunneigarane er godt i gang med restaurering av bygningane i tunet og gjennomfører skjøtselstiltak i kulturlandskapet.



Klyngjetunet på Grønsberg i 2015



Kartkjelde: Gisline (det kan vere mindre avvik i frå målestokken). Alle kjerneområde kulturlandskap er også tilgjengeleg på kartlaget *kjerneområde landbruk* på Kommunekart/Sognekart.

## Hallsetstølen


Hallsetstølen - eller Hallsetdalen som dei lokale seier - var fjellstølen til gardane på Halset i Arnafjorden og ligg på 785 moh. ved vestenden av Hallsetvatnet. Det er i dag 7 bygningar på stølen, ein av dei er ein utedo. Etter stølsdrifta var slutt i 1972 har området heile tida vore beita.

### Grunnlag for prioritering:

Hallsetstølen ligg i Stølsheimen landskapsvernområdet og står i dag fram som autentisk stølsområde med ein selbø som er godt beita. Dei fleste bygningane er i god stand, fem er registrert i SEFRAK-registeret. Stølen har stor opplevingsverdi og ligg på ei DNT-rute gjennom Stølsheimen.



Hallsetstølen i 2021 (Foto: Jorunn Ospedal Vallestad)



Kartkjelde: Gisline (det kan vere mindre avvik i frå målestokken). Alle kjerneområde kulturlandskap er også tilgjengeleg på kartlaget *kjerneområde landbruk* på Kommunekart/Sognekart.

## Hanekam


Garden Hanekam ligg på Strendene, utan vegsamband. Det går ei lokal båtrute nokre dagar i veka. Hanekam blei etter øydetida busett på nytt omkring år 1600. Kring 1883 blei garden delt opp i to bruk, pluss husmannsplassen Bjørkviki, nede ved sjøen. Frå 1986 har det vore ein eigar av bruken. I 1803 gjekk det ei stor snøskreda på Hanekam som tok med seg 7 av husa og mykje skog. Husa på garden blei då flytta og står i dag samla i ei rekke på om lag 150 moh.



Hanekam i 2021

### Grunnlag for prioritering:


Garden står fram som autentisk og kulturlandskapet er halde i god stand. Tre av bygningane i tunet er registrerte i SEFRAK-registeret. Turstien frå Ortnevik til Sylvarnes, som r skilta etter nasjonal standard, går gjennom tunet.



Kartkjelde: Gisline (det kan vere mindre avvik i frå målestokken). Alle kjerneområde kulturlandskap er også tilgjengeleg på kartlaget *kjerneområde landbruk* på Kommunekart/Sognekart.

## Le

På høgdegarden Lee er det 3 gardsbruk, ein på Ytre Le og to på Indre Le. Bygningane er samla i to tun. Kring 1900 budde det rundt 30 personar på dei 4 bruk. På grunn av dei bratte liene eignar mykje av innmarka seg ikkje for maskinell drift. Bruken og driftsmåtane sidan 1900 er godt kjende. Kulturlandskapet på Lee er veldig spesielt pga. at tradisjonelle arbeidsteknikkar som lauvning, rising og risping har vore i bruk heilt fram til vår tid. Det er mange bakkemurer og mange styvingstre, i hovudsak alm og ask. Det går i dag ein bilveg via Dale opp til Le.




Indre Le i 2013

### Grunnlag for prioritering:

Indre Lee fekk i 1993 status som verdifult kulturlandskap i Sogn og Fjordane. Det har i fleire samanhengar blitt brukt under internasjonale fagekskursjonar og for undervising. Indre Lee høyrer i dag til ein gard på Dale, og kulturlandskapet er teke godt vare på. På Ytre Lee er eigarane i gang med ei omfattande restaurering av

bygningars og kulturlandskapet. På Le er det totalt 12 hus som er registrert i SEFRAK-registeret. Det blei i 2012 skilta ein tursti frå Framfjorden opp til Le.



Kartkjelde: Gisline (det kan vere mindre avvik i frå målestokken). Alle kjerneområde kulturlandskap er også tilgjengeleg på kartlaget *kjerneområde landbruk* på Kommunekart/Sognekart.

## Nyastøl


Nyastøl, som er fjellstølen til gardane på Seim, ligg på 615 moh. ved Kyrelvi mellom Vik og Vangsnes. Stølsdrifta tok slutt seinst på 1950-talet, men det går framleis beitedyr på stølen. Sela blir brukt som fristidsbustadar. Det er totalt 6 bygningar på stølen, 5 av dei har torvtak.

### Grunnlag for prioritering:

Stølen blir i dag i hovudsak brukt til fridtidsformål, men stølspreget er framleis eksisterande. Området er mykje brukt som turterreng. I 2012 blei stien frå Skorge via Nyastøl og til Kallbakk skilta etter ny nasjonal standard for turstiar i Noreg.



Nyastøl i 2016



Kartkjelde: Gisline (det kan vere mindre avvik i frå målestokken). Alle kjerneområde kulturlandskap er også tilgjengeleg på kartlaget *kjerneområde landbruk* på Kommunekart/Sognekart.

## Sendedal


Sendedal på kring 750 moh. er fjellstølen til fleire gardsbruk på Føli og på Hove. Stølsvegen gjekk via Seljadalen, Setebakken og Hang. Det var slutt på stølstrifta i 1956. Det er i dag 10 bygningar på stølen, alle har torvtak og er i god stand. Stølsvollen ligg på vestsida av Sendedalselvi og er stor og open.

### Grunnlag for prioritering:

Sjølv om stølen i dag i stor grad er brukt til fridtidsformål, er stølspreget framleis godt ivareteke. Ein bygning er registrert i SEFRAK-registeret. Området er mykje brukt som turterrengr.



Sendedal i 2021 (Foto: Nils Gunnar Finne)



Kartkjelde: Gisline (det kan vere mindre avvik i frå målestokken). Alle kjerneområde kulturlandskap er også tilgjengeleg på kartlaget *kjerneområde landbruk* på Kommunekart/Sognekart.


## Sylvarnes

Sylvarnes er ei av dei veglause grindene langs Sognefjorden mellom Vik og Ortnevik. På Sylvarnes er det to gardsbruk som begge er i drift. Nokre dagar i veka har rutebåten Tansøy anløp på Sylvarnes. Skulehuset på Sylvarnes er eigd av Vik kommune og blir leidt av Vik turlag og drive som DNT-hytte.



Sylvarnes i 2021

Gardsbruka på Sylvarnes er velstelte og gardsbrukarane er kjende for å ta vare på den tradisjonelle driftsmåten. På Sylvarnes er 10 hus registrert i SEFRAK-registeret. Skulehuset blir brukt som overnatningsstad i samband med turar i Stølsheimen og langs strendene.



Kartkjelde: Gisline (det kan vere mindre avvik i frå målestokken). Alle kjerneområde kulturlandskap er også tilgjengeleg på kartlaget *kjerneområde landbruk* på Kommunekart/Sognekart.

## Sylvarnesdalen


Sylvarnesdalen er stølen til gardane på Sylvarnes og ligg på om lag 580 moh i botnen av dalen som går opp fra Sylvarnes. Det er i dag to bygninger på stølen som er i god stand. Selbøen er godt beita. Stølen har vore i tradisjonell drift heilt fram til no.

### Grunnlag for prioritering:

Stølen Sylvarnesdalen står fram som autentisk heilskap og har stor kulturhistorisk, landskapsfaglig og opplevingsverdi. Stølen ligg i Stølsheimen landskapsvernområde. Begge sel er registrert i SEFRAK-registeret.



Sylvarnsdalen i 2017 (Foto: Nils Gunnar Finne)



Kartkjelde: Gisline (det kan vere mindre avvik i frå målestokken). Alle kjerneområde kulturlandskap er også tilgjengeleg på kartlaget *kjerneområde landbruk* på Kommunekart/Sognekart.

## Valsvikstølen

Valsvikstølen var vår- og hauststølen til fleire gardar i Framfjorden og ligg på kring 600 moh. sørvest frå Hellane, ved elva Gravseta. Det er 8 bygningar på stølen, både stølshus og fjøs. To av sela har steinveggar. Før var det både hestar, sauherd, kalvar og kyr på stølen, også hyrekryr frå andre gardar i Framfjorden. Stølsdrifta slutta truleg på slutten av 1940-talet. I dag er området beita av sau om sommaren.

### Grunnlag for prioritering:

Sjølv om Valsvikstølen i dag i stor grad er brukt til fridtidsformål er stølspreget framleis ivaretakke. Dei fleste bygningane har bevart sitt opphavlege preg. Stølen har stor opplevingsverdi. Stien frå Framfjorden/Dale opp til Hellane og forbi Valsvikstølen er ein innfallsport til Stølsheimen landskapsvernområdet.



Valsvikstølen i 2013



Kartkjelde: Gisline (det kan vere mindre avvik i frå målestokken). Alle kjerneområde kulturlandskap er også tilgjengeleg på kartlaget *kjerneområde landbruk* på Kommunekart/Sognekart.

## Vatnane


Vatnane som ligg på 900 moh vest for Indrefjorden i Arnafjord, var fjellstølen for fleire bruk på Nese. Selbøen er på ca. 7,9 daa og det står i dag 6 bygningar på stølen. Ein av dei blir brukt som ubetent DNT-hytte. Stølsdrifta tok slutt i 1966, men det beiter framleis sau i området.

### Grunnlag for prioritering:

Vatnane kan gjelde som ein typisk fjellstøl i Stølsheimen. Bygningane, fem av dei er registrert i SEFRAK-registeret, er i god stand, deriblant to steinsel. Selbøen er bra beita og stølen verkar framleis autentisk og har stor opplevingsverdi. Stien opp til Vatnane er ein av innfallsportane til Stølsheimen. DNT-hytta gjer at stølen blir regelmessig vitja av turfolk.



Vatnane i 2021 (Foto: Nils Gunnar Finne)



Kartkjelde: Gisline (det kan vere mindre avvik i frå målestokken). Alle kjerneområde kulturlandskap er også tilgjengeleg på kartlaget *kjerneområde landbruk* på Kommunekart/Sognekart.

## Vollekrene


Vollekrene hører til garden Haugen, på Nese i Arnafjorden. Garden har mjølkekryr, kviger og kalvar, hestar og sauher. I tillegg blir det dyrka jordbær, bringebær og litt eple for sal. Garden blir driven på ein tradisjonsrik måte med stort fokus på å halde kulturlandskapet i hevd. Hagemarka Vollekrene ligg vest for garden og går opp lia til ca. 180 moh. Spesielt er dei mange styvningstre av ulike treslag. Området har ein lang tradisjon innan lauvning og blir brukt som beiteområder.



Vollekrene i 2013 (Foto: Vik turlag)

### Grunnlag for prioritering:

Området Haugen/Vollekrene står fram som ein svært velstelt og karakteristisk kulturmarkstype med stor eigeverdi. Det blir regelmessig brukt i undervisingssamanheng. Stien opp lia og vidare til stølen Rosete er ein mykje brukt tursti som er skilta etter ny nasjonal standard (Nese-Rosete-Vatnane-Tenne). Vollekrene er av lag og organisasjoner brukta i friluftslivssamanheng.



Kartkjelde: Gisline (det kan vere mindre avvik i frå målestokken). Alle kjerneområder kulturlandskap er også tilgjengeleg på kartlaget *kjerneområde landbruk* på Kommunekart/Sognekart.

## Øvre Flatbygdi


Området er rikt på kulturminne av nasjonal og internasjonal verdi. Mellomalderkyrkjene på Hove og Hopperstad, og gravhaugsamlinga Moahaugane er automatisk freda kulturminne. Om lag 700 da inngår i reguleringsplanen for Hove-Moahaugane -Hopperstad av 2009, der hovudføremål er «bevaring av jordbrukslandskap».

### Grunnlag for prioritering:

Innafor området er samla eit stort tal kulturminne av høg verdi frå ein lang historisk periode, i eit relativt godt bevart kulturlandskap. Området ligg sentralt og lett tilgjengeleg, og er av stor verdi både i undervisning og reiseliv.



Kålhagen i 2018



Kartkjelde: Gisline (det kan vere avvik på målestokken). Alle kjerneområde kulturlandskap er også tilgjengeleg på kartlaget *kjerneområde landbruk* på Kommunekart/Sognekart.

## Årek


Årek er ei av dei veglause grendene langs Sognefjorden mellom Vik og Ortnevik. På Årek, som i dag er fråflytta, har det vore tre bruk. Husa på garden låg samla i eit klyngetun. I dag står tre bustadhus att. I 1947 budde det 18 personar på Årek.

### Grunnlag for prioritering:

Eigarane på Årek har gjort ein stor innsats for å ta vare på bygningar, redusere attgroing og legge til rette for tilkomst/oppleveling. Turstien frå Ortnevik til Vollaviki går gjennom gardstunet. I 2009 blei det bygd ny kai. Bygningane på Årek er registrert i SEFRAK-registeret.



Årek i 2021



Kartkjelde: Gisline (det kan vere mindre avvik i frå målestokken). Alle kjerneområde kulturlandskap er også tilgjengeleg på kartlaget *kjerneområde landbruk* på Kommunekart/Sognekart.

## Årekstølen


Årekstølen var fjellstølen til gardane på Årek og Vetlesand og ligg ved Årekkelvi i Vøringadalen på om lag 700 moh. Stølsdrifta blei lagt ned i 1936, men område blei i ettertid brukt i varierande grad til beite. Stølsvegen frå gardane var relativt lang. Ein måtte rekne med minst 8 timer med dyr. Det er seks bygningar på stølen, og alle er i god stand. Etter restaurering har alle bygningane fått torvtak i staden for bylgjeblekk.

### Grunnlag for prioritering:

Årekstølen ligg i Stølsheimen landskapsvernområde. Fem av bygningane er registrert i SEFRÅK-registeret. Alle bygningane har steinveggar utan kledning, noko som gjev stølen eit spesielt sær preg samanlikna med dei andre stølane i området. Stølen har stor kulturhistorisk verdi og ligg på ei DNT-ruta som går gjennom Stølsheimen.



Årekstølen (Foto: Nils Kvamme)



Kartkjelde: Gisline (det kan vere mindre avvik i frå målestokken). Alle kjerneområde kulturlandskap er også tilgjengeleg på kartlaget *kjerneområde landbruk* på Kommunekart/Sognekart.

## Kjelder

- Oppdatering av nasjonal jordvernstrategi. Vedlegg 1 i Prop. 1 S (2018-2019). Landbruks- og matdepartementet.
- St.meld. nr. 21 (2004–2005) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand*.
- Regjeringa sin jordvernstrategi. Prop. 127 S (2014-2015) *Jordbruksoppgjøret 2015*.
- Prop. 200 S (2020–2021). Endringer i statsbudsjettet 2021 under Landbruks- og matdepartementet (*Jordbruksoppgjøret 2021 m.m.*)
- [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no)
- Liv Rege Engan 2004: Stølar i Vik.
- Arne Inge Sæbø 2009: Langs veglause strendar.

for områdeskildringane:

- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2011: Spor etter stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernområdet. Rapport nr. 4-2011
- Leif Hauge 1990: Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Vik kommune. Sogn og Fjordane Distriktshøgskule, Kulturlandskap i Sogn og Fjordane, Bruk og vern, Rapport nr.10
- Leif Hauge 1992: Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Leikanger kommune. Sogn og Fjordane Distriktshøgskule, Kulturlandskap i Sogn og Fjordane, Bruk og vern, rapport nr.11
- Sogn og Fjordane Fylkeskommune – Fylkesarkivet (nettside)